

# Revisjon av konsesjonsvilkår for Mørevassdraget/Austefjordelva

Høringsuttalelse 201401566

## Grunneigarane Kolfossen gbr 53/1 54/1 60/1 60/2

Grunneigarane på desse 4 gardsbruka var fallrettseigarar av Kolfossen fram til 1916, då fallet vart seld til Volda komm. E verk for utbygging av Kolfossen kraftverk.

Vilkåra i kontrakten var 3 m regulering av Kalvatnet ( 2,5 m ned og 0,5 meter opp.)

Det var ingen krav til minstevassføring i Kolfosselva.

### Fråsegn:

Elling Dybdal skriv i uttale at Storevatnet/ Eidsvatnet vart senka med fleire meter og nemner 3 meter.

Vi stiller oss bak høringsuttalelse av Mørevassdraget Elveigarlag ,som kjem med fylgjande opplysningar:

**Det som er skrevet i samband med senkinga på 50-60 tallet og kan dokumenterast av grunneigarane er at Storevatnet er senka 1,80 m, og at Eidsvatnet ligger på en kote som er 0,20 m høgare. Då er dette vatnet senka 1,60 m, og berre litt over det halve av det som Elling Dybdal har opplyst.**

Grunneigarane rundt Kolfosselva er på lik linje med Mørevassdraget Elveigarlag opptatt av at det blir pålagt minstvassføring ved arbeid på anlegget, som kan påvirke rogn, yngel, smolt og gytefisk nedstraums kraftstasjonen.

Grunneigarane har merka seg at etter at Tussa Energi overtok konsesjonen frå Volda e-verk, har Tussa Energi utnytta reguleringsmuligheitene i Kalvatnet i langt større grad en praksisen var frå Volda e-verk si side. Vannstanden har sidan overdragelsen til tider vore konstant lav. Den lave vannstanden i Kalvatnet går utover gyteplassar , og reduserar området vadefuglar som ender, svaner og andre artar gjer nytte av. Strandsona har dei siste åra grodd igjen av vegetasjon, pga. langvarige perioder med lav vannstand. Det same gjeld elveløpet som nærmast aldri får tilført vatn. Det må påleggast Tussa Energi å heve vannstanden i gytesesongen, samt rydding av vegetasjon i strandsona. Intervallet bør erfaringsmessig ligge på ca. kvart 5. år, eller oftare ved behov.

Kalvatnet har også ein bestand av ål, som må ivaretakast. Denne vart totalfreda i 2010 og er raudlista og utrydningstrua. Denne har etter beretningar frå den eldre generasjon blitt funne i «større» mengder, ved reinsking av rista på inntaket til rørgata for Kolfossen kraftverk. Terje Myklebust har i si framstilling «vurdert» at ålen har hatt tilhold mest i nedre del av vassdraget. Dette er feil. Ålen har alltid hatt gode forhold og oppholdt seg i Kalvatnet i like stor grad som nedstrøms. Kalvatnet er heller ikkje «endestasjon» for ålen, ettersom den eldre generasjon opplyser om fangst av ål i Osdalsvatnet og Osdalssetrevatnet. Tussa Energi må tilrettelegge og gjere tiltak

som ivaretar den utrydningstrua ålen. Det må også gjerast tiltak som hindrar ålen å gå i rørgata og havnar i turbinen til kraftstasjonen. Ålen har hatt tilhold i vatnet også lenge etter at Kolfossen vart utbygd. Ålen er avhengig av tilgang på vatn for å klare forseringa av den tørrlagde strekninga i Kolfosselva. Det må difor vurderast krav om minstevassføring. På 80 og 90 talet vart det observert ål i vatnet. Ålbestanden i dag er usikker, men desto viktigare å gjere tiltak som sikrar den siste lave bestanden. Ved krav om avsetjing av midlar, samarbeid med lag som f.eks naturvernforbundet, Volda Jeger og sportfiskarlag, eller eventuelt andre organisasjonar, kan det sikrast at ålen blir ivaretatt. Tilsyn av tredjepart ved arbeid med reinsking av rist, bør kanskje vurderast for registrering av ålforekomst, samt omfanget av ål som kan havne i inntaket på rørgata.

Grunna hardare effektkøyring og lav vannstand i Kalvatnet må det også stillast strengare krav til Korleis Tussa Energi sikrar inntaket («synken») i nedre del av Kalvatnet. Dette ligg til tider åpent for barn, unge og andre, som ved å spasere langs strandlinja kjem heilt innpå inntaket, med dei farar det inneber. Tussa Energi har vist liten eller ingen vilje til å gjere tiltak som har blitt påpeika vedrørande dette. Her må det kome pålegg.

Eit minstekrav er at det blir etablert fysiske hindringar for vern av liv og helse.

Isforhold: Terje Myklebust skriv i sitt revisjonsdokument under pkt 4.7 at regulering av Kalvatnet har liten påverknad av isforhold. Dette er feil, og her har han nok «vurdert» utan vidare undersøking! Utløpet frå Kopa kraftverk vart endra tidleg på 90 talet, då det vart gjort arbeid på kraftverket. Utløpet frå Kopa har ved dette arbeidet fått endra retning og fører straumen langs land mot Nøre Kalvatn. Dette har påverka isforholda langs land i retning Kalvatn negativt. Isforholda har blitt betydeleg svekka, og eit mykje brukt rekreasjonsområde vinterstid har opphørt grunna dårlege isforhold. Grunneigarane / grendalaget var oss bekjent ikkje involvert i denne prosessen, noko som bør vere eit krav der det vert gjort endringar som kan påvirke nærmiljøet. Kva verknad dette har hatt på gyteplassar i denne sona er ukjent. Den harde nedtappinga vinterstid gjer også at isen i strandsona har svak /våt sone. Isen sprekk også opp på grunn av regulering av vannstanden.

Grunneigarane ber om at konsesjonsvilkåra for regulering av Kalvatnet blir sett på med tanke på gyteplassar for ørret, samt livsgrunnlag for ål. Grense for reguleringsnivå må difor gjennomgå ei ny vurdering. 2,5 meter regulering ned må setjast som ei absolutt maks grense. 2M nedsenking er nok ei meir fornuftig grense med tanke på fisk og dyreliv i vatnet, samt hensyn til vannstand i gyteperioden for ørret. I gytetesongen må det setjast krav om ei reguleringsgrense som ivaretar dette.

Grunneigarane ser behov for at konsesjonshavar sett av midlar til bevaring av Mørevassdraget med tanke på fiskebestanden nedløps kraftstasjonen. Her støttar vi forslaget til Mørevassdraget elveeigarlag.

Vedr. arbeid med fiskegrunnlaget og den utrydningstrua og freda ålen i Kalvatnet bør det også setjast krav. Vi foreslår krav/pålegg om at samme sum som blir sett av nedstraums kraftverket, også blir avsett for naturvern i Kalvatnet. Denne summen må vere på eit akseptabelt nivå, og indeksregulerast årleg.

Aktørar som nyttar seg av naturressursar og innhentar store økonomiske verdiar frå denne, må også kunne påleggast økonomiske bidrag for å ivareta dei berørte naturinngrepa.

Grunneigarane langs Kolfosselva.

Robin Wisth gbr 53/1

Egil Måen gbr54/1

Kristian Hjellebø grb 60/1

Jostein Olsen grb 60/2